

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 10.06.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Gro Rukan og Guro Mjanger  
**SAKA GJELD:** **Statusrapport om innovasjon i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2021/2272

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
22.06.2021

**STYRESAK:**  
043/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om innovasjon til vitende.

## Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram halvårsrapport for arbeidet med innovasjon i Helse Førde.

Første halvår 2021 har vore prega av høg aktivitet, trass pandemien. Helse Førde har lyst ut interne innovasjonsmidlar som eit ledd i opptrappinga av ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, og ein har også søkt fleire eksterne kjelder om finansiering til prosjekt. Eksterne søknader har gitt relativt god utteljing, og Helse Førde har fått midlar både gjennom Helse Vest, InnoMed<sup>1</sup> og Norges Forskningsråd det første halvåret av 2021. Dette vitnar om høg kvalitet på prosjekta og viser at vi er på rett veg i innovasjonsarbeidet vårt.

Helse Førde fortset å styrke det eksterne samarbeidet med både offentlege og private, i samsvar med regionale og nasjonale føringar. Fleire lokale bedrifter har invitert til samarbeid innan svært ulike fagfelt, og det er spennande prosjekt på gang både innan ortopedi, ergoterapi og steriltforsyning.

I tillegg til å opne meir opp for samarbeid med andre utanfor organisasjonen, jobbar Helse Førde målretta med å styrke kulturen for forbetring og innovasjon internt i føretaket. Dette er eit langsiktig arbeid der ein heile vegen tek små steg i riktig retning. Føretaket har fått mykje merksemd for innovasjonsprosjekt det siste året. Dette gjeld mellom anna NORSE Feedback, Pust-deg-betre, Drone-prosjektet, VR til rehabilitering og sjølvkøyrande bussar. Det er nyleg etablert ein «innovasjonsboks» i den gamle blomsterbutikken i første etasje på Førde sentralsjukehus. Dette er eit lokale som er møblert for at alle som vil kan komme innom for ein prat. Her skal det vere innovasjonsrådgjevarar til stades eit par dagar i veka, nokre timar for dagen. Dei skal ta imot tilsette, pasientar eller pårørande som har idéar dei ønskjer å diskutere. Dette lågterskeltilbodet er eitt av verkemidla for å gjere det lettare å fange opp dei gode idéane og hjelpe folk vidare på vegen med å vidareutvikle dei. «Innovasjonsboksen» er også utstyrt med ein informasjonsskjerm, og vert såleis eit viktig verkemiddel for å synleggjere innovasjonsaktiviteten i Helse Førde betre.

Helse Førde har styrka ressursane knytt til innovasjon, og føretaket har eit stadig betre støttesystem og infrastruktur for å stimulere til innovasjon. Fleire medarbeidarar frå den kliniske kvardagen og driftsstøtte kjem fram med gode idéar som kan byggast vidare på. Organisasjonen har framleis utfordringar med å styrke innovasjonen. Medarbeidarar i pasientnært arbeid har gjerne gode idear, men er generelt svært travle i si kliniske verksemd. Desse har generelt vanskar med å få sett av tid til å jobbe med innovasjon. Det er også utfordringar knytt til regelverk og strukturar. Det er krevjande for «lettbeinte» innovasjonsprosjekt å finne sin plass i store strukturar som t.d. prosjektporteføljen til Helse Vest. Vanskelege vurderingar og spørsmål knytt til juss og regelverk, særleg knytt til kommersialisering av prosjekt dukkar stadig opp. Det vert no jobba regionalt med å revidere retningslinjene for kommersialisering av arbeidsresultat skapt av tilsette i Helse Vest, i tillegg til at Helse Førde har starta arbeidet med sin eigen eigarskapspolicy. Begge desse tiltaka vil truleg gi ei tydelegare ramme rundt spørsmål knytt til kommersialisering og næringsutvikling.

---

<sup>1</sup>InnoMed er eit nasjonalt kompetansenettverk for behovsdreven innovasjon innan helsesektoren. [Forside | InnoMed](#)

## **Fakta**

I styringsdokumentet til Helse Førde for 2021 står det følgende om innovasjon:

*For å stimulere til næringsutvikling skal næringslivet involverast i planlegging og utforming av planar og vegval for å sikre best mogeleg utnytting av kompetansen og ressursane næringslivet har. Det skal nyttast innovative offentlege innkjøp der dette er relevant.*

*Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:*

- *nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant*
- *vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeid*
- *nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt*
- *rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet- og nytte*

Helse Førde arbeider i stor grad i samsvar med føringane i styringsdokumentet, men kunne nok nytta innovative offentlege innkjøp i større grad. Dette er eit område det bør jobbast meir aktivt med i tida framover. Helse Førde jobbar målretta med innovasjon, og har ein gradvis auke i aktivitet på området. I tillegg er infrastruktur og støttesystema på veg å bli etablerte, og vi utvidar stadig nettverka og samarbeidsformene utanfor eigen organisasjon.

Idémottaket vert nytta til å registrere nye idéar og i rapportering på innovasjonsindikatoren. Poenga innovasjonsindikatoren viser svingar frå år til år, og ein skal vere varsam med å legge for mykje i tala. På sikt er målet nasjonalt å ha ein indikator som gir meir presise mål på innovasjonsaktiviteten i føretaka.

## **Konklusjon**

Administrerande direktør vurderer at Helse Førde jobbar i tråd med føringar som ligg både nasjonalt, regionalt og lokalt innanfor innovasjonsområdet.

### Vedlegg:

1. Innovasjon i Helse Førde – statusrapport juni 2021